



185200

185100

Reguleringsføresegner for Bjørkestøyl hyttefelt, del av Øygarden gnr.154 bnr.7, Vinje

FØRESEGNER

§ 1
Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet. Infrastruktur VVA, kablar o.l skal visast som vedlegg til planen

§ 2
Området er regulert til følgjande føremål:
Byggeområde
Område for jord og skogbruk
Spesialområde (veg)

§3 BYGGEOMRÅDE

HYTTER/ FRITIDSBYGG

- a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
b) Frittliggjande hytter skal ikkje ha meir enn 100 m² BYA (bygd areal). Bygningane skal ha saltak, gesimshøgde maks. 3,5 m. mønehøgde maks.5,5 m. over terreng. Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphavsleg terreng. Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledning og naturvenlege, mørke fargar. Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 22 - 32 grader og tekast med torv.
c) Med byggesøknad skal det ligge situasjonsplan i mål 1:500 som syner: Tomtestorleik, plassering av bygningar og anlegg, intern veg parkering o.a
d) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr.154 bnr.7.
e) Mellom eventuelle verandapillararar skal det gjerdast mot beitedyr.
f) Det er ikkje tillete med gjerde eller flaggstenger.

§6 FELLESONOMRÅDE

For hytteeigedomar som ikkje har opparbeidd veg skal det nyttast felles parkeringsplassar, som skal ha plass for 2 bilar for kvar hytte til sommar- og vinterparkering.

§ 7 SPESIALOMRÅDE

a) Opparbeidd privat veg, grusveg, b. 3,5m skal nyttast som tilkomstveg til hytter og eventuelle parkeringsplassar, til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgaver. Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.

§8 VATN OG AVLAUP

Fritidsbustader skal ha låg sanitær standard. Fritidsbustadane kan ikkje ha innlagt vatn, men ha vasspostar ute. Det skal nyttast biodo.

§9 RENOVASJON

Hushaldsavfall vert tekje hand om av kommunen gjennom tvungen renovasjonsordning. Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen eller renovatør.

§10 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L

Alle typar kablar skal leggst i grøfter i samsvar med leidningsplan for området.

§ 12 DISPENSASJON

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.

§13 PRIVATRETTSLEGE AVTALER

Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.



Teikenforklaring pbl. §25 reguleringsføremål	
Landbruksområde §25 nr.2	Nye hyttetomter
Område for jord- og skogbruk	Eksisterande hytte
Spezialområde §25 nr.6	Avagrensing av planen
Privat veg	Eigdomsgrense
Byggeområde §25 nr.1	
Område for fritidsbebyggelse	

KARTGRUNNLAG . ØKONOMISK KARTVERK ekv.d. 1m. Mål : 1 : 1000

UTBYGGINGSPLAN MED FØRESEGNER		
Bjørkestøyl, del av gnr 154 bnr.7, Øygarden, Vinje		
Endra	Dato	16.01.08
		09/6
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA		
Kunngjering av reguleringsarbeidet	dato	12.04.07
1. gongs handsaming i kommunen		16.11.07
Utlegging til off. ettersyn		16.01.08
2. gongs handsaming i kommunen		
kommunestyret sitt vedtak		
Planen er utarbeidd av:	19 juli	
arkitekt BJØRN HUSTVEIT 3890 Vinje	2007	